



Avslutning for skulen før jul i 2006 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterat saka har versert i 6 år har kommunen endeleg gjeve ferdigattest for bruksendring av Dønhauglåven til forsamlingslokaler, selskapslokaler og låvedans.

Det heiter i ferdigattesten at den framlagte dokumentasjonen stadfester at alle krav og vilkår som er stilte i løyva og som ellers følgjer av gjeldande vilkår er dokumenterte og oppfylte.

Saka starta med ferdigattest for låven i april 2005. I desember 2008 vart ferdigattesten trukke attende og byggesaka opna av forvaltningsstyret som ga mellombels bruksløyve fram til februar 2009.

Dette løyvet vart forlenga på vilkår fram til april i år og vidare forlenga på vilkår fram til september i år.

I juli i år slo rådmannen fast at det ikkje kunne gjennomførast arrangement i låven før samtlege manglar var retta og dokumentert i orden og det var skrive ut bruksløyve og ferdigattest.

No er altså det skjedd og det er ope for arrangement - det fyrste i romjula.

Av Ola Matti Mathisen

